



## Notat

Dato: 26.09.2017  
Arkivsak: 2014/22155-8  
Saksbehandlar: katclar

---

**Til:** Utval for opplæring og helse 17.10.17  
Utval for miljø og samferdsel 18.10.17  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling 25.10.17  
Fylkesutvalet 26.10.17

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Rapport frå årsmøtet i Nordsjøkommisjon 2017

### Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune er medlem i Nordsjøkommisjonen (NSC). NSC er ein politisk organisasjon som blei oppretta i 1989 som ein arena for regionar rundt Nordsjøen kor dei kan samordne interessene sine, utveksle erfaringar og utvikle politikk. Organisasjonen er ein av seks europeiske kommisjonar under paraplyorganisasjonen, «Conference of Peripheral and Maritime Regions» (CPMR). Både CPMR og Nordsjøkommisjonen tilbyr fylkeskommunar frå ikkje-medlemslandet Noreg, eit unik handlingsrom for påverknadsmoglegheit når det gjeld den europeiske dagsorden med relevans for Nordsjområdet.

Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet «North Sea Region 2020». Strategien vert operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene. Hordaland møter, når det er mogleg, med politisk representasjon i alle dei 4 gruppene. Gruppene arbeider med politikkutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap. Dei er difor ein viktig arena for politisk nettverking med våre nærmaste samarbeidsregionar og gir også gode høve for fagleg utveksling.

Tilegare fylkesordførar, Tom-Christer Nilsen (H), blei vald som presidenten i organisasjonen på årsmøtet juni 2014. Hordaland drev difor Sekretariatet for organisasjonen frå juni 2014 til august 2016. Kirsten Brunnstrøm frå Västra Götaland tok over som President i 2016 og Andreas Leirvik (Ap) frå Østfold blei vald som ein av to vise-Presidentar.

Styringskomité (Executive Committee (ExCom)) leiar Nordsjøkommisjon og har eit medlem frå kvart land som har medlem. Marianne Chesak (Ap) frå Rogaland er norsk medlem (Åshild Kjelsnes (Ap) er norsk vara). Den overordna avgjerdssorgan er Årsmøtet som fins sted kvart år i juni i forbindelse med Nordsjøkonferansen. Fylkesutvalet har vedtatt at dei skal få ein orientering med informasjon om sakar og vedtak etter kvart årsmøtet.

## Orientering om dei viktigaste sakene

Dette notatet inneholder ei kort orientering om dei viktigaste sakene som ble handsama på årsmøtet i Göttingen, Tyskland 28. juni 2017. Hordaland vert representert ved fung.Fylkesvaraordførar, Roald Kvamme. Meir detaljert informasjon finst i saksutgreiingar og i referatet frå møtet, som leggast fram som vedlegg til denne meldingssaka.

Herr Stefan Wenzel, Minister for Miljø frå Niedersachsen ønska velkommen til møtet.

### 1. Rapportar frå arbeidsgruppene under kvar av dei 4 tema under strategien «North Sea Region 2020»

**Marin ressursgruppe**  
Leier Cllr Anders Fasth (Västra Götaland)

Gruppen besøker regioner som er aktive i gruppearbeidet for å samle informasjon og for å sjå på forskjellige løysinga og tilstand. Det siste året har gruppa hatt møte i Østfold, Bergen og Brussels. Tema maritim arealplanlegging, kompetanse og akvakultur er alltid på møteagenda. Gruppa arbeider nå systematisk med kompetanse for sjøfolk og hadde ansvar for ei verksted/seminar under European Maritime Day om korleis tiltrekke kvinner og ungdom til bransjen. Gruppeleier var også til stede på eit møte i London om fiskeri etter Brexit kor tilgang til sjøen og korleis dele viktige ressursar ble diskutert. Gruppe kjem til å ta opp tema om ressursar, tryggleik og handel i framtida.

Mr Lodewijk Abspoel frå Nederlandske Departementet for Miljø og Infrastruktur fortalte om arbeid under NorthSEE prosjektet. Dette er eit Interreg Nordsjøprosjekt som handlar om betre samarbeid mellom Nordsjøland innan skipsfart, energi, økologi og planlegging. Prosjektet jobbar med scenarios for å sjå mulege tilstand fram mot 2050 med fokus på interaksjon mellom sjø og land. Medlemmer i Nordsjøkommisjon er invitert til å delta aktivt i arbeidet vidare.

**Transportgruppa**  
Leier Preben Friis-Hauge (Sør-Danmark)

Transportgruppa har organisert eit seminar om førelause bilar i Bremen. Seminaret diskuterte tekniske behov og dei siste utviklingar. EU-kommisjonen hald på å lage ei rettleiing for slike bilar og har satt saman ein arbeidsgruppe med fokus på trykkleik. Elles har Møre & Romsdal, saman med Hordaland, eit spesielt ansvar for å fremje ren skipsfart i arbeidet til gruppa. Landsstrøm kjem også opp på agenda. Niedersachsen skal overvake arbeidet som forgår i EU med TEN-T korridorane (prioritert vegnettverk). Medlemmer har mulegheit til å sende inn kommentarar til CPMR om deiers uttale om transport og flytransport. Gruppa planlegger eit fellesmøte med Energi –og klimagruppa.

**Energi- og klimagruppen**  
Leiar Jimmy Gray (Highlands and Islands)

Gruppe hadde besøk frå Nordsjø Interreg prosjektet Topsoil. Prosjektet handlar om handsaming av grunnvatnet i klimatilpassingsarbeidet. Gruppa har involvert studentar i ein kampanje om klimaendringar og dei har laget ein brosjyre. Støttearbeidet til strømkablar over Nordsjøen for å overføre energi og auke energitransformasjon fortsetter og gruppa har levert ein uttale i respons til Energipolitikken til EU-Kommisjonen, så kalla «Vinterpakken». Elles har gruppe et samarbeid med tilsvarande gruppa i Atlantisk kommisjonen om reduksjon av utslipp og et samarbeid med CPMR klimaaksjons gruppe om korleis regionar kan bidra til å implementere Paris-avtalen

**Attractive and sustainable communities**  
Leiar for den nye gruppen "Smart Regions" Cllr Barney Crockett (Aberdeen City)

Denne gruppa er nyopprettet og hadde difor ikkje så myke å rapportere. Dei planlegger eit samarbeid med Energi-og klimagruppa og har fokus, mellom anna, på framtidig Interreg etter 2020, sirkulær økonomi og digitalisering.

2. Christian Byrith, Leiar for Interreg Nordsjøprogram Sekretariatet ga ein orientering om prosjekt under programmet som har spesiell relevans for Nordsjøkommisjonen. Han peika at det er naudsynt å revidere Nordsjøstrategien i samsvar med Nordsjøprogrammet for å få til flest mulege synergiar. Han snakket også om Brexit og sa at Nordsjøkommisjonen blir eit viktig samarbeidsarena etter UK har forlat EU.
3. Eleni Marianou, Sekretariatsleiar for CPMR fortalte om CPMR sitt arbeid om framtida for Europa. EU-Kommisjonen publiserte ein kvitbok om framtida til Europa i mars med 5 forskjellige scenarioer for korleis Europa kjem til å utvikle seg etter 2020. CPMR ønskjer tettare europeisk integrasjon for å jamne ut forskjellane mellom regionane kor regionane står sentralt i arbeidet som drivkraft. Dei er lite fornøyd med forslag til budsjettet som kommisjonen har lagt fram og ønskjer større fokus på trykkleik, tiltak for arbeidslause ungdom, maritime spørsmål og globalisering. CPMR jobbar med ei sjette scenario kor regionane har ei sentral rolle i europeisk integrasjon gjennom samarbeid og samhørighet. Dei planlegger å publisere ein politisk posisjon på deiers årsmøtet i 2018. Allereie i november i år organiserer dei en konferanse i Wales for å samle synspunkta og innspel til posisjonen dei skal fremje.
4. Brexit er eit stort diskusjonstema mellom medlemmene i NSC. Brexit kjem til å ha store konsekvensar for regionen. Historisk har Nordsjøområde tette band innanfor handel og finans og flytting av menneske. I dag har land rundt Nordsjøen samarbeid på fleire område til dømes fiskeri, kompetanse og arbeidskraft, transport, maritim areal planlegging, energi, skipsfart, tryggleik mfl. UK aktørar er, gjennom EØS avtalen, kjente og gode partnare i samarbeidsprosjekt med EU-finansiering for Norske aktørar. NSC har difor satt saman ein arbeidsgruppa «Brexit Task Force» som følgjer Brexit forhandlingane og som jobbar med konkrete viktige sakar for Nordsjøområde, til dømes status for studentar etter Brexit. Framtida for Europa og arbeidet til CPMR er tett knytt til korleis Europa kan utvikle seg i ei usikker tid utan UK som medlem. Dette er både ein økonomisk utfordring men samstundes ei utfordring for korleis andre europeiske land kan fortsette å styrke seg gjennom medlemskap i EU. NSC medlemmene vert utfordra til å delta i Brexit Task Force.
5. Ein representant fra EU-kommisjon DG MARE(Avdeling for Marine og Maritime sakar) ga ein presentasjon om arbeidet dei hald på med innan for tema Blå Vekst (Blue Growth). DG MARE ser at det fins store moglegheiter for å verdiskaping knytt til det maritime/marine økonomi. Dei leggjar til rette for tilgang til fleire finansieringskjelder for å skape tverrsektorielt samarbeid innanfor tradisjonelle bransjar, til dømes turisme men også innanfor nye sektorar t.d. maritim energi, bio-økonomi og grøn skipsfart. Det er vitig at samarbeidet er koordinert og at nasjonale myndtar grep om et meir koordinert samarbeid. Regionane kan ha ei rolle i mobiliseringsarbeidet.
6. Finansiering av ein slik organisasjon som NSC er krevjande. Medlemskontingenten er langt frå tilstrekkeleg til å dekkje alle utgifter til organisasjonen. Dagens ordning går ut på å flytte sekretariatet til regionen til den ein kvar tid valde presidenten. Vertskapsregionen må dekkje eventuelt underskot. Denne modellen har to ulempar. For det første fører dette til dårlig stabilitet i sekretariats arbeidet over tid fordi det har vore skifte av president kvart andre år. Kompetanse og nettverk må difor byggjast opp på nytt. For det andre kan ordninga seiast å vere udemokratisk i og med at ikkje alle medlemsregionane har moglegheit til å ta på seg kostnadene ved å drive eit sekretariat. Forslag til ei ny ordning blei fremja på Årsmøtet. Forslag går ut på å skilje sekretariatsfunksjon frå presidentskapet. Alle medlemsregionane kan dermed fremje kandidatar til president og sekretariatet kan får lov til å fortsette sitt arbeid i eit lengre tidsperspektiv. Diskusjon blandt medlemmene gjekk på kor berekraftig denne løysing er og at organisasjon kjem til å måtte finne andre meir permanente og stabile finansieringsordningar etter kvart. Likeledes vart det vedtatt å lyse ut sekretariatets funksjon blandt medlemmene med verking frå juni 2018 i samband med utlysing av vervet som president.

7. Budsjettet for 2018 ble godkjent
8. Uttale frå Årsmøtet er vedlagt denne saken. Den forteljar om sakane NSC har vore opptatt av i 2016-2017 og posisjonen organisasjonen har utarbeid i sakane.
9. John Lamb frå Southend-on-Sea vert vald til to nye år som vise president.